

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Nye punkt:

5. Ein må vere bevisst på mobilitetsbehovet når ein gjer prioriteringar i tida framover.
6. Snøggbåten kan vere eit viktig og raskt bindeledd mellom Sunnhordland i sør og Sogn og Fjordane i nord for å sikre gode forbindelsar i eit nytt Vestlandsfylke.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«(Opprinnelig pkt. 1 c): Potensiale for reduksjon av klimapåverknaden frå transporten skal vurderast i arbeid med nye anbod og i vurdering av eventuelle nye båtruter.)

Ny pkt. c):

I arbeid med nye anbod og vurdering av nye båtruter skal krav til nullutsleppsteknologi og lavutsleppsteknologi leggjast til grunn. Dette bør også inkludere produksjon og livssyklusanalyse for fartøy og infrastruktur.

1 d) Vurderingar av framtidig tilbod med båt krev eit kritisk blikk på reisebehov, økonomi, miljø og samfunnsnytte. ~~Fylkeskommunen/Skyss må vere bevisste på kva som er vårt oppdrag og rolle.~~ (strykes.)

Stryke punkt 2c.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2c):

Det er eit mål å få ei utsleppsfree og fornybar båt drift i Hordaland, i tråd med stortingsvedtak og at Stortinget løyver midlar til dette.

Stryk noverande punkt 2c) Fullfinansiering av meirkostnadane er ein føresetnad for innføring av miljøtiltak og kapasitetsauke på båtsambanda.»

Tom Sverre Tomren trekte forslaget sitt om å stryke punkt 2c).

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til 2c) fra SV:

I påvente av økt nasjonal finansiering vil Hordaland fylkeskommune arbeide aktivt for å implementere krav til nullutslippskrav der det er teknisk mulig og lavutslipp der det er det som er teknisk mulig målt (mål mot tilgjengelig teknologi).»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga punkt 1a) og 1b) vart samråystes vedteken.

Tomren sitt forslag punkt 1c) fekk 3 røyster MDG, V, SV og fall.

Innstillinga punkt 1c) fekk 11 røyster (H, Frp, Sp, A) og vart vedteken.

Tomren sitt forslag punkt 1d) fekk 2 røyster MDG, SV og fall.

Innstillinga punkt 1d) fekk 12 røyster (H, Frp, Sp, A, V) og vart vedteken.

Innstillinga punkt 2a) og 2b) vart samråystes vedteken.

Oen sitt forslag punkt 2c) fekk 11 røyster (SV, MDG, Frp, V, A, Sp) og vart vedteke.

Tomren sitt forslag, tillegg punkt 2c) fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Innstillinga punkt 2c) fekk 3 røyster (H) og fall.

Innstillinga punkt 2d) og 2e) vart samråystes vedteken.

Innstillinga punkt 3 og 4 vart samråystes vedteken.

Njærheim sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Njærheim sitt forslag punkt 6 vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet stiller seg bak tilrådingane i Trafikkplan båt, som gir grunnlag og føringar for arbeid med nye anbodskonkurransar i åra framover.
 - a) I utvikling av tilbodet med båt skal ein i tråd med vedteken Kollektivstrategi for Hordaland nytte ressursane der det er flest reisande. Samstundes skal ein dekke mobilitetsbehov i heile fylket.
 - b) Båttilbodet skal utviklast som ein integrert del av kollektivtilbodet der båten har sine særlege fortrinn.
 - c) Potensiale for reduksjon av klimapåverknaden frå transporten skal vurderast i arbeid med nye anbod og i vurdering av eventuelle nye båtruter.
 - d) Vurderingar av framtidig tilbod med båt krev eit kritisk blikk på reisebehov, økonomi, miljø og samfunnsnytte. Fylkeskommunen/Skyss må vere bevisste på kva som er vårt oppdrag og rolle.
2. Bybåtsambanda skal utviklast med omsyn til trafikkveksten i Bergensområdet og med bruk av fornybar energi der mogleg.
 - a) Nytt anbod for sambandet Kleppestø-Strandkaien vert førebudd for heilelektrisk batteridrift. Utgangspunkt for vidare førebuinger er to-båtløsing som gir rom for inntil 3 avgangar per time kvar veg, og inntil 33 prosent høgare kapasitet enn dagens løsing.
 - b) Nytt anbod for sambandet Knarvik-Frekhaug-Bergen vert førebudd med auka passasjer-kapasitet, ved å stille krav om inntil 50 prosent meir kapasitet på fartøyet enn i dagens båtkontrakt. Hydrogendifrift kan på sikt vere ei aktuell løsing, men teknologien er framleis umogen og kostnadsbilete er svært usikkert. Pågående utviklingsprosjekt andre stader i landet vil gi erfaringar og resultat som grunnlag for nærmere vurderinger.
 - c) Det er eit mål å få ei utsleppsfree og fornybar båt drift i Hordaland, i tråd med stortingsvedtak og at Stortinget løyver midlar til dette.
 - d) Utvikling og finansiering av båtsambanda må sjåast i samanheng med behov og finansiering av busstilbodet.
 - e) Utgreiingar og utvikling av moglege nye båtsamband, m.a. «bybane på sjøen» mellom bydelar i Bergen og Bergen og nabokommunar, vert ei prioritert oppgåve. Utgreiinga skal både sjå på transportarbeid og andre omsyn for by-, regional- og næringsutvikling.
3. Mindre båtruter med svært lågt passasjergrunnlag bør justerast etter trafikkgrunnlaget, og vurderast med omsyn til grunnlag for konkurranseutsetjing, eventuelt eigne driftsavtalar.
4. Båtruter som i all hovudsak rettar seg mot reiselivsmarknaden bør ikkje inngå i den offentleg finansierte kollektivtransporten.
5. Ein må vere bevisst på mobilitetsbehovet når ein gjer prioriteringar i tida framover.
6. Snøggbåten kan vere eit viktig og raskt bindeledd mellom Sunnhordland i sør og Sogn og Fjordane i

nord for å sikre gode forbindelsar i eit nytt Vestlandsfylke.